

From: Torfinn Slettebo <torfinnslettebo_@hotmail.com>
Sent: 16. mars 2017 11:43
To: NVE
Subject: Høyringsfråsegn om Onarheimselva og Onarheimsvatnet i Tysnes kommune

Søknaden frå Alsaker Fjordbruk AS bør avvisast.

Oppdrettsnæringa er det motsette av berekraft og er so naturfiendtleg at næringa bør avviklast før det er for seint.

Ekspansjonen norske styresmakter legg opp til, får meg til å tenkja på forteljinga om kong Midas.

Alsaker Fjordbruk og andre i næringa har tent milliardar på å svina til fjordar i årevis. No er det nok. Kvifor kan me ikkje eta villfisk? Me har fått i gáve so mykje fyrsteklasses torsk, sild, makrell og andre artar at me kan ha fisk til middag kvar dag utan ein einaste simpel oppdrettslaks. Litt til overs til eksport kunne det visst verta òg.

Det undrar meg at norske forbrukarar framleis får seg til å kjøpa oppdrettslaks. Vonleg går det over.

Sidan naturen sjølv ikkje kan senda høyringsfråsegn, gjer eg det.

Torfinn Slettebø
Voss